

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 1. oktober 2020 18:59
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 34/2020, 1. OKTOBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 34/2020, 1. OKTOBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

DIGITAL GRUNNSTEINSNEDLEGGING FOR SIVERT AARFLOT-HUSET 1.10.2020

Grunnstein for Sivert Aarfлот-huset vart formelt sett ned 1. oktober 2020 kl 13.00. På grunn av korona var det ein enkel og digital seremoni som kunne følgjast på video som er tilgjengeleg frå www.hivolda.no. Sjølve grunnsteinen er markert med ei QR-kode som vart kopla til [ei nettside hos Statsbygg med informasjon om huset og blant anna detaljerte teikningar](#). Grunnsteinen inneheld også myntar og frimerke frå 2020, og avisa [Møre](#) frå 1.10.2020 der [Sivert Aarfлот](#) og [Norsk Landboeblad](#), avisa han grunnla i 1810, har fått brei omtale.

DIGITAL GRUNNSTEINSNEDLEGGING (2): LES HELSINGAR PÅ REKTORBLOGGEN

Rektor Johann Roppen si helsing og helsing frå Statsbygg sin prosjektleiar Jens Hersløv i høve grunnsteinsnedlegginga kan du lese på rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

NYTT STUDIETILBOD: MASTER I BARNEHAGEKUNNSKAP

Høgskulen i Volda vil hausten 2020 starte eit nytt mastertilbod i barnehagekunnskap. Tilbodet er retta mot studentar som alt er bachelor i barnehagelærarutdanning eller tilsvarande. Det fullstendige namnet på masteren er: "Barnehagekunnskap - ei heilskapleg tilnærming til barnehagens læringsmiljø". Studiet blir eit deltidstilbod over fire år. Den første samlinga vil bli halden på slutten av hausten 2020. Utdanninga er godkjent av NOKUT, men høgskulen har teke atterhald om formell godkjenning også frå Kunnskapsdepartementet. [På nettsidene våre er det meir informasjon om den nye masteren.](#)

HØGSKULESTYRET: HER ER STUDENTKANDIDATANE

Valkampen er for alvor i gang og frå 1. oktober kan alle studentar ved Høgskulen i Volda stemme på den dei ønsker skal sitte i høgskulestyret. [Her er kandidatane.](#)

KANTINA: SALATBAREN OPNAR ATT

Mange studentar og tilsette har sakna salatbaren i kantina, og no er salatbaren opna att. [Studentsamskipnaden i Volda \(Sivolda\) driv kantina](#), og har venta lenger enn andre serveringsstader og butikkar med å opne opp salatbaren. Kantina vil løpande vurdere om tilbodet og serveringsområdet fungerer med tanke på krav om reinhald og avstand.

ZOOM-STATISTIKK: 3 MILLIONAR MØTE-MINUTT

Då koronaen slo til i mars tok Høgskulen i Volda i bruk systemet Zoom for videomøte og undervisning. Både studentar og tilsette vart raskt fortrulege med Zoom, og systemet har stort sett også fungert veldig bra reint teknisk. No viser statistikk for HVO sin bruk av Zoom at tilsette og studentar på HVO har brukt heile 3 millionar møte-minutt på Zoom, til saman naturlegvis. Dette gjeld i tida frå 13. mars til 21. september. I alt har det vore nesten 12.000 einskildmøte med gjennomsnittleg ca 5 deltakarar. April var månaden då Zoom vart brukt mest.

ZOOM-STATISTIKK (2) FOR DEI SOM LIKAR TAL

Jørn Harald Persson på IT har formidla tal på det meste som gjeld Zoom-bruk. Han fortel at i tida 12. mars til 21. september har 764 tilsette og studentar på Høgskulen i Volda vore vertskap ("host") for eitt eller fleire Zoom-møte. 60 prosent av Zoom-deltakarane på høgskulen brukar Windows-PC, medan 28 prosent brukar Mac. 4 prosent har brukt Iphone og 2 prosent har brukt Android-mobil når dei har kopla seg på Zoom.

STIPENDIATANE ER GODT NØGDE MED RETTLEIINGA

Det er no fem år sidan Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde starta ph.d.-utdanning i helse- og sosial. Begge institusjonane står bak graden etter ordninga for såkalla fellesgrader. Ph.d.-studentane har i ei undersøking sagt at dei er svært nøgde med rettleiinga på ph.d.-studiet. [Les meir om ph.d.-studiet på nettsidene våre.](#)

VELLUKKA DIGITALE "KARRIEREDAGAR"

Høgskulen i Volda arrangerte digitale karrieredagar i september 2020. Nærare 700 elevar frå siste året på ungdomsskulen på Søre Sunnmøre fekk i løpet av to dagar informasjon om og smakebitar på framtidige yrkes- og utdanningsval. [Les meir på nettsidene våre.](#)

BACH OG ANTIBACH I VOLDA KYRKJE: INTUITIV MUSIKKOMPOSISJON OG MUSIKKFILOSOFI

Studentar ved Intuitiv komposisjon og musikkfilosofi fekk framført egne komposisjonar i Volda kyrkje ved hjelp av Symfoniorkesteret ved høgskulen. I alt var det 14 studentarbeid som vart framført - i tillegg til verk av Bach. Dirigentar var musikkstudent Sander Elias Andersen frå Volda og komponist og [professor i musikk Magnar Åm](#). [Les meir på nettsidene våre - og der kan du også finne lenke til opptak av konserten.](#)

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) MARGIT YSTANES OM KJØNN OG RASE I RIO ETTER OLYMPIADEN

Førsteamanuensis Margit Ystanes, ASH har saman med Tomas Salem, UiB, vore redaktørar for ein temaseksjon i tidsskriftet "Conflict and Society" (Berghahn forlag). Tittelen på temaseksjonen er "[Racialized and Gendered Dynamics in Urban Security](#)". Ystanes har også sjølv ein artikkel i spesialseksjonen, skriven i lag med assistant professor Alexandre Magalhaes, Federal University of Rio Grande do Sul: "[Racialized Governance. The Production and Destruction of Secure Spaces in Olympic Rio de Janeiro](#)".

PUBLISERINGAR (3) AMF-DEKAN KARTVEIT HAR STUDERT DANSKE VALVIDEOAR

[Dekan Kate Kartveit](#), AMF, har publisert eit kapittel i boka "[Politisk kommunikasjon på digitale medier](#)" (Samfundslitteratur, Danmark). Kartveits kapittel har tittelen "Partiernes valgvideoer under luppen" og handlar om folketingsvalet i Danmark i 2019.

PUBLISERINGAR (4) KJARTAN LEER-SALVESEN I "SCIENCE DIRECT"

Professor Kjartan Leer-Salvesen, ASH, har publisert ein artikkel i tidsskriftet ScienceDirect i lag med Ingrid Johnsen Hogstad, Høgskolen i Molde. Artikkelen har tittelen: "[Going against patients' will? A qualitative study of how palliative health-care professionals handle competing considerations when children are excluded from parental illness and death](#)".

PUBLISERINGAR (5) HISTORIKARAR HAR SKRIVE BOK OM MIKROHISTORIE

Fire tilsette ved Historisk institutt, ASH, har redigert [boka "Mikrohistorie" som no er gitt ut på Museumsforlaget](#). Dei fire redaktørane er [dosent em. Arnfinn Kjelland](#), [høgskulelektor Harald Krøvel](#), [førsteamanuensis Ola Teige](#) og [førsteamanuensis Chalak Kaveh](#).

Bidragstytarar frå Høgskulen i Volda:

[Arnfinn Kjelland](#): Kva er mikrohistorie?

[Harald J. Krøvel](#): Allmenn bygdehistorie og mikrohistorie

[Elin Gundersen](#): Ola Sveahaugje – morderen fra Vågå

Gudmund Valderhaug: Ola Sveahaugje – morderen fra Vågå

På masterstudiet i Kulturmøte er det eit eige emne i [Mikrohistorie \(KUM309\)](#). Elin Gundersen og Gudmund Valerhaug er to tidlegare studentar som har utvikla sine studentarbeid til artiklar i boka Mikrohistorie.

Tidlegare HVO-stipendiat og noverande timelærer Mette Vårdal har også eitt bidrag: "Bjerregaards Skaal! En mikrohistorisk studie av syngespillet Fjeldeventyret fra 1824." Boka har også bidragstytarar frå forskarar tilknytt Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Stavanger, Nord Universitet, Høgskulen i Innlandet og Kvinesdal kommune.

[Sjå også omtale på nettsidene våre.](#)

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

9.10.2020: [Disputas: Beatrice M. G. Reed](#), UiO

22.10.2020: Personalseminar, AKF

23.10.2020: [Disputas Kim-Daniel Vattøy](#), NTNU

27.10.2020: Avdelingsseminar, ASH

28.-29.10.2020: [Utdanningsdagane](#) (digitalt)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

12.11.2020: [Digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga](#), Nynorsksenteret

17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen

26.-27.11.2020: Personalseminar, AHL, Loen

3.-4.12.2020: Personalseminar, AMF, Loen

10.12.2020: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

